



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR

NAV Meland

NAV Meland held stengt onsdag 16. desember.

Legetenesta

Influensavaksine sesong 2015/2016

Legekontora i kommunen har framleis influensavaksine på lager.

Dette gjeld både vaksine i form av injeksjon, og i form av nasespray som kan gis til barn og ungdom.

Vi sel ut vaksinen fortløpande til alle som ønskjer. Ta kontakt med ditt fastlegekontor for meir informasjon.

Meland kulturskule

Meland kulturskule har siste undervisningsdag 15. desember.

Meland bibliotek

Opningstider jul/nyttår:

Hovudbiblioteket har ope som vanleg måndag 21. og tysdag 22. desember. Vi har stengt i romjula og opnar att med vanlege opningstider frå og med måndag 4. januar 2016.

Rosslund avdeling har stengt i skulen sin juleferie og opnar igjen 6. januar 2016.

Eventyrstund tysdag 5. januar 2016, kl. 10.30

Bok- og strikkefé tysdag 12. januar, kl. 12.00 – 14.00

Strilabiblioteket sin romanpris!

Bli med å diskutere romanar frå 2015 på Meland bibliotek. Vi startar laurdag 16. januar kl. 13.30 – 15.00. Ta kontakt med biblioteka i Meland eller Lindås.

Meland frivilligsentral



JUL FOR ALLE!

Har du barn mellom 0-20 år og slit med å få endane til å møtast i jula? Send ein e-post til frivilligsentralen@meland.kommune.no eller tlf. 56 17 10 66. Alt vi treng å vite er alder på barna, kjønn og adresse for levering. Frist for innmelding av behov: 15. desember.

Alle henvendelsar blir behandla konfidensielt!
Arr.: *Frivillige, Besøkstenesta, Frivilligsentralen*

FLYKTNINGEFADDER

Vil du engasjere deg for å ta imot flyktingar på ein god måte? Vi er ei gruppe på rundt 30 personar som jobbar med å gje dei nyinnflytta ein god velkomst og ei oversikt over kva som finns i kommunen vår den første tida i Meland.

Vi treng spesielt fleire mannlege faddera!

Ta kontakt med Frivilligsentralen eller les meir om Flyktingefadder-ordninga på www.meland.frivilligsentral.no.

Arr.: *Meland Frivilligsentral*

SPRÅKKAFE/LANGUAGE CAFÉ

Meland Bibliotek, laurdag 12. desember, kl. 11.00 - 12.30.

Frivillige hjelper deg å øva på å snakka norsk. Lett servering. Velkommen!

Arr.: *Meland Bibliotek, Meland Frivilligsentral*

GJE EI JULEGÅVE!

Vil du gje ei julegave til barn mellom 0-20 år - omtanke varmar ekstra godt no i juletida! Julegavene må vera nye og merka med alder og kjønn (eks.: Gut, 10-13 år) og leggast under juletreet i gamle Rema 1000 bygget 1.- 15. desember.

Frivilligsentralen i Meland sørger for at gåvene blir levert ut til familiene på ein god måte.

Arr.: *Frivillige, Besøkstenesta, Frivilligsentralen*

DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR!

Dataklubben har teke juleferie.

Startar opp igjen i januar.

OPNINGSTIDER I JUL- OG NYTTÅRSHELGA

NAV Meland

Torsdag 24.12 Stengt

Torsdag 31.12 kl. 10.00-12.00

LEGETENESTA

Frekhaug legesenter har vanlege opningstider på kvardagane mellom jul og nyttår.

Julafta og nyttårsafta held Frekhaug legesenter ope for akutthjelp fram til kl 12.00.

Helsenaustet legepraksis har stengt julafta og nyttårsafta.

Ved behov for akutthjelp utanom opningstidene: kontakt Nordhordland interkommunale legevakt på tlf **116117**.

RÅDHUSET STENGT JULAFTAN

Meland rådhus held stengt 24.12.15.

BARNEHAGEOPPTAK 2016/2017

Frå 08.01.2016 kan ein søkje om barnehageplass for 2016/2017 i dei kommunale og private barnehagane. Meland kommune har felles opptak til alle barnehagane.

Søknadsskjema for opptaket er elektronisk og kan ikkje sendast i papirformat i posten.

NB: Du nyttar elektronisk skjema for 2016/2017 for å vera med til hovedopptaket med tildeling av plass frå 01.08.2016

• Søknader som ligg på ventelista for opptaket 2015/2016 vert ikkje overført automatisk til nytt barnehageår. Ein må sende inn ny søknad for barnehageopptaket 2016/2017. Søknadsskjema og opplysningar finn du på Meland kommune si nettside: www.meland.kommune.no Opplysningar om den einskilde barnehage, og link til barnehagane sine heimesider finn ein på heimesida til Meland kommune, under teneste: barnehage. For nærare informasjon om opptaket, ta kontakt med barnehagefagleg rådgjevar Mette M. Træland, tlf. 56 17 10 00/ 1073.

Søknadsfrist for hovudopptaket er **1. mars 2016**.

Søknader som kjem inn etter denne fristen vert ikkje med på hovudopptaket for tildeling av plassar til august 2016, men sett på venteliste til suppleringsopptak.



LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

Plan, utbygging og kommunalteknikk:

Juridisk rådgjevar, byggesak
– 100% fast stilling

Meland heimeteneste:

Helsefagarbeidar – 100% fast stilling

Søknadsfrist: 03.01.2016

OPNE MØTE Desember 2015 / januar 2016

	Dato	Kl.	Møtestad	
Kommunestyret	Onsdag	16.12	17:00	Kantina
Utval for drift og utvikling	Tysdag	17.12	16:00	Formannskapsalen
Ungdomsrådet	Torsdag	07.01	14.30	Formannskapsalen
Utval for levekår	Tysdag	19.01	09:00	Formannskapsalen
Formannskapet	Onsdag	20.01	09:00	Formannskapsalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag	26.01	16:00	Formannskapsalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no